

Representanten **Trude Brosvik** (KRF) har stilt slikt spørsmål:

Gjeld busstilbod når ekspressbuss-tilbod blir kutta

I gamle Sogn og Fjordane har det vore heller lite dobbelkøring av buss, på den måten at det går både fylkeskommunal buss og ekspressbuss tilnærma samtidig. Ekspressbussane har i stor grad vore utfyllande tilbod langs riksveg-rutene.

Som følgje av dei utfordringane kollektivtransporten har grunna Covid-19, ser vi at fleire ekspressbussruter blir lagt ned. Sist er dette synleggjort i Fjordenes Tidende 18.11.20, der korrespondansen frå snøggåten frå sør med buss frå Måløy mot Eid er tatt vekk. Dette råkar fleire elevar frå kystkommunane som nyttar bussen for å kome seg til hybelen /skulen sin. For nokre gjeld det kanskje berre søndag kveld, men for fleire gjeld det fleire dagar, då deler av opplæringa skjer med praksis i heimkommunen og noko på skulen.

Kva ansvar har fylkeskommunen for å sette inn ruter i slike tilfeller? Er det gjort nokre tiltak for å utbetre situasjonen, i alle fall for dei som er elevar i vidaregåande skule og som er avhengige av denne korrespondansen / bussruta? Er Måløy eit enkeltstående tilfelle, eller er dette ein situasjon fleire plassar i fylket?

#### Fylkesdirektør mobilitet og kollektivtransport

Rutetilbodet i Sogn og Fjordane er utforma med tett samspel mellom fylkeskommunal ruteproduksjon og andre (kommersielle) transportaktørar for å utvikle eit godt og heilskapleg kollektivtilbod gitt marknaden i desse områda (ref. RTP). Dette har vore og er ei utfordring i perioden med Covid-19, sidan dei kommersielle selskapa står fritt til å innstille sitt tilbod ved sviktande passasjergrunnlag. Innstillingane skjer gjerne med kort varsel. Ein har gjennom heile perioden følgt nøye med på dette. Det fylkeskommunale rutetilbodet er kontinuerleg justert og tilpassa. Første prioritet har vore å sikre den lovfesta retten til skuleskyss for dei som har dette. Vidare har ein justert tilbodet for å skape best mogleg samanheng i dei rutene som til ei kvar tid har vore operative.

Vi er kjend med at skuleelevar ved Måløy har utfordringar når aktuelle kommersielle avgangar er innstilte. Dette er ikkje elevar som har rett på fri skuleskyss, men likevel ein lei situasjon for dei som ønsker å reise kollektivt til skulen. Vi er per no ikkje kjent med at det er fleire plassar i fylket der skuleelevane ikkje kjem seg til/frå skule eller hybel. Ein del elevar kan få lenger reisetid pga. innstilte avgangar, og ein del strekningar får eit dårlegare rutetilbod pga. innstilte kommersielle avgangar.

Sidan det er prosessar på nasjonalt nivå med krisepakkar til dei kommersielle transporttilbydarane, har ein vore noko atterhalden med å erstatte det kommersielle tilbodet med fylkeskommunal produksjon.